

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 14.01.2020  
**SAKSHANDSAMAR:** Kari Furevik  
**SAKA GJELD:** **Høyring - Regional plan for kvalitet og pasienttryggleik 2020 - 2024**

**ARKIVSAK:** 2019/4802  
**STYRESAK:** **005/2020**

**STYREMØTE:** **24.01.2020**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret sluttar seg til framlegg til Regional plan for kvalitet og pasienttryggleik 2020-2024 med dei kommentarar som ligg i utkast til høyrings svar frå Helse Førde HF.

## Oppsummering

Helse Vest har sendt framlegg til *Regional plan for kvalitet og pasienttryggleik 2020-2024* (vedlegg 1) på høyring, med frist 31. januar 2020. Helse Førde har utarbeidd framlegg til høyringssvar (vedlegg 2), som med dette blir lagt fram for styret. Det ligg også ved uttale frå brukarutvalet (vedlegg 3).

Helse Førde meiner planen er grundig og omfattande, og gjev eit godt grunnlag for vidare arbeid med å styrke kvalitet og pasienttryggleik. Planen legg opp til ei rekke tiltak som skal gjennomførast i samarbeid i regionen, og ute i kvart einskild føretak.

Planen er ambisiøs, og det vil bli utfordrande å gjennomføre alle områda innan planperioden, også med omsyn til å skaffe til veie personell og økonomi.

## Fakta

Helse Vest RHF har sendt utkast til *Regional plan for kvalitet og pasienttryggleik 2020-2024* på høyring til helseføretaka, private ideelle institusjonar, Helse Vest IKT og brukarutval.

Planen legg overordna føringar for arbeidet med kvalitet og pasienttryggleik frå 2020 til 2024.

Planarbeidet er gjennomført som eit prosjekt med prosjektdeltakarar frå helseføretaka og institusjonar i Helse Vest, inkludert brukarrepresentantar og konserntillitsvalde (sjå s. 8 i vedlagde planutkast; oversyn over prosjektdeltakarar).

Trygge helsetenester og vedvarande arbeid for å sikre kvalitet er avgjerande for at Helse Vest, og Helse Førde, skal nå måla sine. Frå 2010 har dette arbeidet vore samordna med det nasjonale pasienttryggleiksprogrammet.<sup>1</sup> Framover skal det byggjast breiare kompetanse og kapasitet for å føre arbeidet over i den daglege verksemda.

Planen skal følgje opp strategien Helse 2035, *Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i omsorgs- og helsetjenesten*<sup>2</sup> og måla som er sette i *Nasjonale handlingsplan for pasientsikkerhet og kvalitetsforbetring 2019–2023*.<sup>3</sup> Planen vil òg byggje vidare på tiltak presenterte i NOU 2015:11 *Med åpne kort*.<sup>4</sup> I tillegg vil planen følgje opp innspel frå føretaka frå våren 2018, der helseføretaka definerte sine behov og ønske for pasienttryggleiksarbeidet i regionen. Det regionale nivået må vere eit bindeledd til nasjonale ressursar og prosessar. Planen presenterer kort bakgrunn og utfordringsbilete.

Planen skal gjere greie for korleis vi skal etablere varige strukturar for

- å vidareutvikle regional kompetansebygging i forbetningsmetodikk i tråd med nasjonale føringar og forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helsetenesta, med særleg fokus på leiarnivået
- å få i stand leiingsopplæring i kontinuerleg forbetnings- og tryggleiksarbeid
- å få til reell brukarmedverknad i pasienttryggleiksarbeid og forbetningsarbeid

<sup>1</sup> <https://pasientsikkerhetsprogrammet.no/om-oss/om-pasientsikkerhetsprogrammet>

<sup>2</sup> <https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2016-10-28-1250>

<sup>3</sup> [https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/ledelse-og-kvalitetsforbedring-i-helse-og-omsorgstjenesten/Nasjonale%20handlingsplan%20for%20pasientsikkerhet%20og%20kvalitetsforbedring%202019-2023.pdf](https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/ledelse-og-kvalitetsforbedring-i-helse-og-omsorgstjenesten/Nasjonale%20handlingsplan%20for%20pasientsikkerhet%20og%20kvalitetsforbedring%202019-2023.pdf/_/attachment/inline/79c83e08-c6ef-4adc-a29a-4de1fc1fc0ef:94a7c49bf505dd36d59d9bf3de16769bad6c32d5/Nasjonale%20handlingsplan%20for%20pasientsikkerhet%20og%20kvalitetsforbedring%202019-2023.pdf)

<sup>4</sup> <https://www.regjeringen.no/contentassets/daaed86b64c04f79a2790e87d8bb4576/no/pdfs/nou201520150011000dddpdfs.pdf>

- å integrere arbeidet med pasienttryggleik i etablerte styringslinjer
- å integrere HMS-, kvalitets- og pasienttryggleiksarbeidet
- å synleggjere framtidige behov for forbetringstavler og risikotavler, mellom anna vurdere behov for elektroniske løysingar (mellom anna integrasjon mellom ulike IKT-system, virtuelle møtepunkt og strukturar for målretta styringsdata innanfor kontinuerleg forbetring og pasienttryggleik)
- å identifisere og spreie oppdatert kunnskap om pasienttryggleik og kvalitetsforbetring
- å leggje til rette for openheit og læring
- å sjå til at kontinuerleg forbetring og pasienttryggleik støttar opp om læring på tvers av einingar og føretak
- å forvalte nye innsatsområde

Måla er å

- redusere pasientskader
- bygge varige strukturar for pasienttryggleik
- forbetre pasienttryggleikskulturen i helsetenesta

Planen løftar fram fem tiltaksområde som er naudsynte for å nå måla:

1. Standardisering
2. Kompetanse og kultur
3. Teknologi
4. Måling og monitorering
5. Organisering

Under desse områda vert det presentert til saman 37 framlegg til tiltak.

Nokre av tiltaka er vi alt i gang med. Dette gjeld mellom anna opplæring i forbetningsmetodikk og vidareføring av innsatsområda frå pasienttryggleiksprogrammet nasjonalt og regionalt. Andre tiltak har lengre planleggingshorisont, som til dømes å etablere IKT-støttesystem og robot-teknologi.

I kapittel 4 blir tiltaka lista opp i tabell, med ansvarleg og korleis tiltaket er prioritert. Tabellen over tiltaka er tenkt som eit arbeidsdokument som legg føringar, men vil utviklast meir i detalj etter at planen er handsama i styra.

I kapittel 4.3 står det om økonomiske konsekvensar av planen:

«Eit grovt anslag er at kostnadane til tiltaka i planen kan utgjere om lag 12 millionar kroner i året. Det vil kome ein del tillegg til desse kostnadane, til eksempel spesifikke IKT-løysingar, behov for nettverk og anna kompetansebygging. Dette vil gi investeringskostnadar som må prioriterast innanfor dei rammene som gjeld for slike kostnadar. Kostnadane på det enkelte helseføretak vil i all hovudsak dreie seg om arbeidstimar gått med til møte, kurs og reiser. Desse kostnadane er stipulert til 12,5 millionar kroner for heile føretaksgruppa, første året. Leiaropplæring i forbetningsmetodikk er eit eksempel på tiltak som vil påføre føretaka kostnadar i form av tid frå personell.»

- Høyringsprosessen i Helse Førde:

For å gje høve for innspel har planen med presentasjon og informasjon vorte sendt til

- Føretaksleiinga og klinikkdirrektørar for vidare distribusjon og høyringsprosess i lina

- Felles Brukarutval for Helse Førde og kommunane i Sogn og Fjordane
- Ungdomsrådet i Helse Førde
- Fag- og styringsrådet til Utviklingscenteret for sjukeheimar og heimetenester i Sogn og Fjordane
- Tillitsvalde og vernetenesta i Helse Førde

Brukarutvalet har gitt eigen uttale (vedlegg 3). Utvalet stiller seg i hovudsak positive til planen, og meiner den er utfyllande og har mange gode tiltak og intensjonar. Utvalet saknar likevel tydeleg uttrykk for at brukarane blir vurdert å ha ressursar og kvalitetar som kan nyttast i kvalitet- og pasienttryggleiksarbeidet. Brukarutvalet har og komme med kommentarar til ein skilde punkt i planen. Ungdomsrådet har meldt attende at dei har motteke planen, men har ikkje komme med ytterligere kommentarar.

Planen er drøfta med tillitsvalde den 22. januar 2019.

Utkast til plan og med utkast til høyringsuttale vert lagt fram for styret 24. januar 2020.

## Kommentarar

Den regionale planen er eit grundig plandokument som gjev eit godt fundament for vidare arbeid med kvalitet og pasienttryggleik i regionen og føretaka.

Planen skisserer mange viktige oppgåver framover. Arbeidet vil bidra til endring av arbeidsmåtar og vil krevje at heile organisasjonen bidreg. Fleire av tiltaka må gjerast i samarbeid i region vest.

Helse Førde ønskjer å fokusere på nokre punkt:

- Planen har mål om at 10 prosent av medarbeidarane (årsverk) i klinisk avdelingar skal ha utdanning/opplæring i forbetningsarbeid.

Dette er svært ambisiøst innan planperioden, men vil også bidra til å styrke kvaliteten på forbetring – og utviklingsarbeid dersom ein greier å nå målet. Klinikkane peikar på at dette vert utfordrande i tillegg til andre krav om utdanning og spesialisering av helsepersonell.

Det bør utarbeidast nivådelt kompetanseplanar med både innhald og korleis dette skal gjennomførast, og fordeling av ansvar lokalt og regionalt.

Samarbeid om dette med kommunane/utviklingscenter om slik kompetansebygging er òg viktig, og kunne vore nemnt i planen. Helse Førde og Utviklingscenteret i Sogn og Fjordane startar ein slik pilot januar 2020.

- Det er positivt at det vert stilt tydelege krav til arbeidet i føretaka og regionen, og til regionalt samarbeid om fag, standardisering, pasientforløp, tryggleikskultur, teknologi og innovasjon.
- Det er viktig at å sjå på standardisering av pasientforløp også på tvers av føretaka i regionen. Helse Førde ønskjer at pasientforløp òg må omhandle overgangane til

kommunale helsetenester, og at samhandling og samarbeid med kommunane vert omtalt i planen som del av pasientforløpsarbeidet.

- I planen vert det lagt vekt på bruk av målingar og monitorering som verktøy for å sikre kvalitet og pasienttryggleik. Dette er i seg sjølv nyttig, men det vil vere krevjande å innføre fleire nye verktøy når ein samstundes innfører større IKT-prosjekt og har andre store utviklingsoppgåver i føretaka. Det må leggast vekt på at eksisterande verktøy vert utvikla slik at det vert større grad av elektroniske målingar og gjenbruk av data som er i systema våre.
- Det vert stilt krav til føretaka om å delta i det regionale arbeidet for å operasjonalisere og gjennomføre tiltaka i planen.  
Det vil vere krevjande å stille auka ressursbruk til dette, saman med alt det andre som vil krevje oss av ressursar i åra framover.

Vidare arbeid med kvalitet og pasienttryggleik vil vere høgt prioritert i Helse Førde. Planen legg opp til omfattande tiltak, som vil krevje prioritering. Fagpersonell må setje av tid til å gjennomføre opplæring og følge opp tiltaksområda, og det må setjast av budsjettmidlar. Leiarane i heile organisasjonen må vere pådrivarar for å gjennomføre tiltaksområda innan sitt ansvarsområde. Administrerande direktør meiner satsinga planen legg opp til er ei naudsynt og viktig investering i kvalitet og pasienttryggleik. Samstundes som ein ser at nokre av måla vil vere utfordrande å nå i planperioden, vil det bli arbeidd målretta for dette.

## Konklusjon

Administrerande direktør rår til at Helse Førde støttar framlegg til Regional plan for kvalitet og pasienttryggleik 2020-2024, og vil legge planen sine tiltaksområde til grunn i det viktige arbeidet med kvalitet og pasienttryggleik, innanfor dei ressursar føretaket har til rådvelde.

Vedlegg:

1. Utkast regional plan kvalitet og pasienttryggleik
2. Høyringsuttale frå Helse Førde
3. Høyringsuttale frå brukarutvalet

